

Vedtektsendring om utbytte for Aktivitetshuset

26.05.2014

Det vert halde generalforsamling i Uskedal Aktivitetshus AS mandag 2. juni kl 20 00 i Aktivitetshuset. Generalforsamlinga vert beden om å foreta følgende endringer:

Vedtekts § 3 endrast frå 'Føremålet til selskapet er å eiga, utvikla og leige ut aktivitetshus i Uskedalen og alt som står i samband med dette'.

Endrast til: '**Føremålet til selskapet er å eiga, utvikla og leige ut aktivitetshus i Uskedalen og silt som står i samband med dette. Drift er basert på frivillighet og eventuelt positivt årsresultat kan ikkje utdelast som utbytte til aksjonærane eller andre privatpersonar.**'

Vedtekts § 6 endrast frå 'Den ordinære generalforsamling skal handsama godkjenning av årsrekneskap og årsberetning og innunder dette utbetaling av utbytte. Vidare skal handsamast val av styre og revisor samt val av styreleiar. Endelig skal det handsamast andre saker som i følgje gjeldande lov eller vedtekter hører under generalforsamlinga'

Endrast til: '**Den ordinære generalforsamling skal handsama godkjenning av årsrekneskap og årsberetning, Vidare skal handsamast val av styre og revisor samt val av styreleiar. Endelig skal det handsamast andre saker som i følgje gjeldande lov eller vedtekter hører under generalforsamlinga.**'

Nærmore informasjon om bakgrunn for endringa vil bli gjeven under generalforsamlinga.

Generalforsamlinga vert beden om å gjera slikt vedtak.
'Selskapet skal innmeldast i frivillighetsregisteret'